



Saksframlegg

--	--	--

Status oppfølging FDV kommunale bygg

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tek til vitande statusoppdatering vedrørende oppfølging av KOST-026/26 vedtakspunkt 2

Bakgrunn for saka:

Saka gjelder ei kort statusoppdatering vedrørende oppfølging av kommunestyrevedtak under

KOST- 026/26 Vedtak:

1. Kommunestyret tek til vitende forvaltningsprosjektet "Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg», utarbeida av Vestland revisjon KO, datert 19.01.2026.
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine tilrådingar skal følgjast/utførast:
 - a. Prioritere utarbeiding av temaplan for forvaltning av bygg, anlegg og eigedomar. Planen skal leggjast fram for politisk handsaming i 2026.
 - b. Kinn kommune skal utarbeide ein framdriftsplan for gjennomføring av tilstandsvurdering av dei kommunale bustadane.
 - c. Kommunedirektøren skal rapportere om framdrift i arbeidet med å få lagt inn dei data og oppgåver som er naudsynte for å kunne hente ut vedlikehaldsplanar i Famac.
3. Kommunestyret vedtek at kommunedirektøren skal lage ei prioritert oversikt til kontrollutvalet innan 31.05.2026 som viser kva tiltak som skal settast i verk for å følge opp tilrådingane i rapporten, kva tid tiltaka skal settast i verk og kven som har ansvaret for iverksetting.

Saksopplysningar:

Administrasjonen har startet arbeidet med temaplan for FDV kommunale bygg, men grunna kapasitetsutfordringar vil man truleg ikkje vere ferdig med slik plan og klargjort for politisk handsaming før hausten 2027.

Arbeidet pågår fortløpande. Her kan nevnes at kartlegginga av universell utforming i bygg og uteområder nyleg er levert frå konsulent, og kommunedirektøren ser det som naturleg at oppfølging av avvik blir tatt inn i temaplanen.

Likevel er det vesentleg arbeid som står føre og man trenger meir tid for å utarbeide en god temaplan.

Kommunedirektøren har som intensjon å orientere Rådet for mennesker med nedsett funksjonsevne om resultat frå kartlegginga, ved passende høve hausten 2026.

Vurderingar:

Oppfølging av kommunestyrevedtak pågår, man trenger meir tid enn først førespeila. Dette har i seg sjølv ei avgrensa konsekvens.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen av denne saka direkte

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»